

**Fra:** Hagen, Åsne <fmhoaha@fylkesmannen.no>  
**Sendt:** 27. august 2015 15:53  
**Til:** ase.pettersen@askoy.kommune.no; jorgen.gullestad@bergen.kommune.no; bjorn-hroar.sortland@bomlo.kommune.no; erik.sandvik@eidfjord.kommune.no; odd.inge.vestbo@etne.kommune.no; Even Vaular; tone@fitjar.kommune.no; roy.hansen@fjell.kommune.no; gunnar.hatlelid@fusa.kommune.no; thomas.sjoflot@granvin.kommune.no; ragnvald.joakimsen@jondal.kommune.no; laesur@kvam.kommune.no; grete.nesheim@kvinnherad.kommune.no; Karl Johannes Romarheim; Sigvald Kvinge; Anne Berit Helle; amo@os-ho.kommune.no; Odd Ivar Øvregård; tone.ramsli@samnanger.kommune.no; age.aadland@stord.kommune.no; jan.ove.anthun@stord.kommune.no; stig.arne.thune@sund.kommune.no; ase.aleheim@sveio.kommune.no; helge.drange@tysnes.kommune.no; stig.hope@ullensvang.herad.no; alis.lund.johansen@ulvik.kommune.no; stefan.karlstrom@voss.kommune.no; janhau@oygarden.kommune.no  
**Kopi:** Askøy; Bergen; Bømlo; Eidfjord; Etne; Postmottak Fedje; Fitjar; Fjell; Fusa; Granvin; Jondal; Kvam; Kvinnherad; Postmottak Lindås; Post Masfjorden kommune; Postmottak Meland; Odda; Os; Post Osterøy; Samnanger; Stord; Sund; Sveio; Tysnes; Ullensvang; Ulvik; Postmottak Vaksdal; Voss; Øygarden; hfk@hfk.no  
**Emne:** Forventingar til kommunane under Øving Hordaland 2015  
**Vedlegg:** Vedlegg 5 Døme på tiltakskort i kommunane ved ei atomhending.docx

Til øvingskontaktar i kommunane  
Kopi til postmottak

Fylkesmannen viser til tidlegare utsendt informasjon om Øving Hordaland 2015. Det er opp til kvar kommune å ta stilling til om, og eventuelt i kva grad, kommunen skal delta. I denne e-posten vil vi likevel forsøke å avklare kva forventingar og ønskje vi har til kommunane før, under og etter øvinga.

**I forkant av øvinga** har Fylkesmannen ei forventing om at kommunane oppdaterer og fullfører eige planverk knytt til atomberedskap, inkludert utarbeiding av tiltakskort, ressursoversyn og kontakt-/varslingsinformasjon til alle relevante aktørar/grupper.

**Sjølve øvingsdagen** ønskjer vi at kommunane så langt praktisk råd er testar planverket og faktisk utarbeidar dei meldingar og varsel som ein ville gjort i ein reell situasjon. Om mogeleg ser vi gjerne òg at ein fysisk testar varslingskanalane. Mot slutten av øvingsdagen vil Fylkesmannen be om å få tilsendt kopi (elektronisk) av meldingar og varsel den einskilde kommune har utarbeidd i løpet av dagen.

**I ettertid** forventar vi at deltakarane evaluerer øvinga for å avdekke moglege forbetningspunkt (lokalt – regionalt – sentralt). Samla evaluering vert gjort som del av den årlege haustsamlinga på Voss i november.

For å få godt utbyte av øvinga, oppmodar vi kommunen til å sikre at kommunal kriseleiiing (KKL) med nokre støttefunksjonar er disponible på øvingsdagen 27. oktober. Det same gjeld reservedatoen 5. november, som berre vert aktuell å bruke dersom primærdatoen må gå ut grunna kolliderande aktivitetar på Haakonssvern orlogsstasjon. Det vil truleg tidvis vere rom for å gjere ordinære oppgåver på øvingsdagen.

Rolla til kommunen v/KKL under øvinga vil vere å respondere og agere på dei meldingane dei får, og elles øve på interne rutinar. Fylkesmannen vil distribuere eit sett med døme på tenkte førespurnader kommunen kan få i hendinga, og som de sjølve kan spele ut i ønskjeleg omfang. Meir informasjon om sjølve øvinga, og forarbeid i vekene før, kjem på samlinga for øvingskontaktar 7. oktober. Døme på tiltakskort i kommunane ved ei atomhending (sjå vedlegg) gir òg ein peikepinn på kva spørsmål kommunen bør ta stilling til.

Kommunar som har tatt i bruk DSB-CIM bør òg gjere dette i øvinga, men det er ikkje eit krav.

Me legg opp til ein sentral øvingsstab som alle kommunane kan nytte seg av. Samstundes oppmodar vi kommunen sjølv til å ha ein person, til dømes øvingskontakten, som kan spele inn lokale variantar over førespurnadar kommunen kan få. Desse kan lokal kontakt spele direkte inn til eiga KKL. Det er ikkje naudsynt å sende desse via/til Fylkesmannen i forkant. Dette er framfor alt meint for kommunens eiga læring.

Med vennleg helsing

Åsne Hagen  
rådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland

Telefon: 55 57 22 28

[www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)

## Vedlegg 5: Døme på tiltakskort i kommunane ved ei atomhending

Kva kommunen skal gjere **når han har motteke varsel** om ei (mogleg) atomhending

Tiltak	Ansvarleg i kommunen  <i>(Kvar einiskild som ev. nyttar dømet som mal, bør syte for at dei ulike elementa/oppgåvene er forankra konkret til gjevne stillingar eller personar)</i>	Handling og oppgåver  <i>(Bør tilpassast lokalt)</i>	Annan relevant informasjon  <i>(I felta under kan ein gjerne fylle inn lenker til relevant informasjon)</i>
<b>Sette kriseleiing (KKL) og førebu iverksetting</b> av kriserådet sine førehandsdefinerte tiltak. <b>Førebu rapportering</b> til Fylkesmannen		<ul style="list-style-type: none"> <li>Eigna lokale</li> <li>Serviceorg/sentralbord må mobiliserast</li> <li>Planverk, rapporteringsmal og varslingslister må vere oppdatert og tilgjengeleg</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Plan for kommunal kriseleiing</li> <li>➤ Atomberedskapsplan</li> <li>➤ Rapporteringsmal</li> </ul>
<b>Sette i verk</b> eller bidra til iverksetting <b>når tiltak vert beordra</b> frå sentralt hald		<ul style="list-style-type: none"> <li>Informasjon (så langt som mogleg førebudd på førehand)</li> </ul>	
<b>Tiltak 1</b> <u>Påleggje</u> sikring av område som kan verte eller er sterkt forureina  <b>Hensikt:</b> (i) Beskytte befolkninga mot radioaktiv forureining ved at dei vert heldt unna forureina område, (ii) hindre at personar spreier radioaktiv forureining til eit større område  <b>Heimel:</b> Politiloven		<ul style="list-style-type: none"> <li>Støtte politi og nautetatar etter oppmoding. Dette kan vere oppgåver knytte til t.d. evakuering, transport, innkvartering, forpleiing, avsperring, kunngjering og informasjon</li> <li>Oppdater straks serviceorg/sentralbord/heimesider om tiltaket med tanke på spørsmål frå publikum</li> <li>Rapporter til Fylkesmannen om status for situasjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤</li> </ul>
<b>Tiltak 2</b> <u>Påleggje / gje råd</u> om reinsing av forureina personar  <b>Hensikt:</b> (i) fjerne radioaktiv forureining for slik å beskytte enkeltpersonar og liv og helse i befolkninga, (ii) eliminere fare for spreieing <b>Heimel:</b> Politiloven		<ul style="list-style-type: none"> <li>Støtte naudetatar og sivilforsvar med eigna lokale for reinsing og forpleiing av forureina personar ved behov. Dette kan vere oppgåver knytte til t.d. etablering av rein og urein sone, stille dusjanlegg til disposisjon, transport, innkvartering, avsperring, kunngjering, informasjon, handtering og deponering av radioaktivt forureina materiale</li> <li>Oppdater straks serviceorg/sentralbord/heimesider om tiltaket med tanke på spørsmål frå publikum</li> <li>Rapporter til Fylkesmannen om status for situasjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Stad for reinsing</li> </ul>

<p><b>Tiltak 3</b> <u>Gje råd om innandørs opphald</u></p> <p><b>Hensikt:</b> beskytte liv og helse i befolkninga mot radioaktiv forureining ved å redusere dosar frå direkte stråling og inhalasjon under passering av radioaktive luftmassar</p>		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartlegge kva for institusjonar som vert omfatta av tiltaket (skuler, barnehagar, institusjonar, kommunale bygg)</li> <li>• Varsle aktuelle institusjonar</li> <li>• Oppdater straks servicetorg/sentralbord/heimesider om tiltaket med tanke på spørsmål frå publikum</li> <li>• Etabler kontakt med lokalt politi for eventuell koordinering av tiltak</li> <li>• Rapportar til Fylkesmannen om status for situasjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Førehandsdefinert melding</li> <li>➤ Varslingslister</li> <li>➤ Jf. kommunens plan for befolkningsvarsling</li> </ul>
<p><b>Tiltak 4</b> <u>Påleggje akutt evakuering av lokalsamfunn</u></p> <p><b>Hensikt:</b> beskytte befolkninga mot sterk radioaktiv forureining gjennom evakuering frå område som er forureina eller som står i stor fare for å verte forureina</p> <p><b>Heimel:</b> Politiloven</p>		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Støtte politi og nautetatar ved oppmoding om bistand ved ein ev. akutt evakuering. Dette kan vere oppgåver knytte til t.d. evakuering, transport, innkvartering, forpleiing, avsperring, kunngjering og informasjon</li> <li>• Oppdater straks servicetorg/sentralbord/heimesider om tiltaket med tanke på spørsmål frå publikum</li> <li>• Rapportar til Fylkesmannen om status for situasjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Lenke til plan for evakuering</li> </ul>
<p><b>Tiltak 5</b> <u>Gje råd om bruk av jodtablettar</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Tiltaket sin relevans er førebels uavklart politisk</b></li> </ul> <p><b>Hensikt:</b> redusere stråledosar frå radioaktivt jod som er andå inn</p>		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen skal ha ein plan for distribusjon og utdeling av jodtablettar til aktuelle grupper i befolkninga. Aktuelle kommunar får informasjon om dette</li> </ul>	
<p><b>Tiltak 6</b> <u>Gje råd om kosthald</u></p> <p><b>Hensikt:</b> beskytte befolkninga mot radioaktivt forureina næringsmiddel ved å informere om kva for næringsmiddel som bør eller ikkje bør verte konsumert</p>		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Informer om kosthaldsråd <ul style="list-style-type: none"> <li>- Mattilsynet og helsemyndighetene set i verk informasjonstiltak og utarbeider retningslinjer til produsentar og distributørar av næringsmiddel</li> <li>- Kommunen må vere førebudd på å støtte Mattilsynet i gjennomføring av tiltak. Dette kan vere oppgåver knytte til t.d. kunngjering, informasjon til produsentar, distributørar, konsumentar, kontrolltiltak og rapportering</li> <li>- Kommunen har eit særskilt ansvar for at tiltaket blir følgt opp i eigen verksemd (pleie- og omsorgsinstitusjonar mv.)</li> <li>- Fylkesmannen koordinerer, informerer og rapporterer om tiltaka regionalt</li> </ul> </li> <li>• Rapportar til Fylkesmannen om status for situasjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤</li> </ul>

<p><b>Tiltak 7</b>  <u>Påleggje</u> kortsiktige tiltak i produksjon av næringsmiddel</p> <p><b>Hensikt:</b> beskytte befolkninga mot radioaktivt forureina næringsmiddel ved (i) å hindre at matvarer vert radioaktivt forureina, og (ii) hindre at forureina matvarer kjem ut på marknaden</p> <p><b>Heimel:</b> Matloven</p>		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen må vere førebudd på å støtte Mattilsynet og å stille ressursar til rådvelde for gjennomføring av tiltak</li> <li>• Tiltak som kan verte aktuelle: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Be husdyreigarar om å ta inn beitedyr, og bruke ventilasjonsanlegg fornuftig</li> <li>- Hauste modne grønsaker</li> <li>- Hauste gras (silo, rundballar) til dyr som eventuelt må stå inne</li> <li>- Beskytte næringsmiddelbedrifter og -lagre mot radioaktivt nedfall</li> <li>- Forberede stopp i drifta av vassverk med overflatekjelder i område som kan bli forureina</li> <li>- Beskytte eventuelle mineralgjødsellagre</li> <li>- Beskytte kraftfôrverksemder og liknande bedrifter</li> <li>- Beskytte eventuelle fiskefôrlagre</li> <li>- Kople frå takrenner til sisterner (og informere private om at dette må gjerast)</li> <li>- Utarbeid oversynskart ved hjelp av geografiske informasjonssystem (GIS)</li> </ul> </li> <li>• Oppdater straks servicetorg/sentralbord/heimesider om tiltaket med tanke på spørsmål frå publikum</li> <li>• Rapportar til Fylkesmannen om status for situasjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Varslingslister <ul style="list-style-type: none"> <li>- Husdyreigarar</li> <li>- Næringsmiddelbedrifter</li> <li>- Vassverk</li> <li>- Ev. andre relevante bedrifter</li> </ul> </li> <li>➤ Førehandsinformasjon <ul style="list-style-type: none"> <li>- opplysningar om jordsmonn, markslag og avlingar</li> <li>- opplysningar om husdyrbesetningar og produsentar</li> <li>- opplysningar om type vasskjelder i dei ulike vassverka (t.d. har ulike vasskjelder som overflatevatn, grunnvatn og susternevatn, og parametrar som storleik, sirkulasjon, djupne og volum tyding for kor mykje vassforsyninga vert påverka av radioaktiv forureining)</li> <li>- vurdering av alternative vasskjelder</li> </ul> </li> </ul>
<p><b>Tiltak 8</b>  <u>Påleggje / gje råd</u> om andre konsekvensreducerande tiltak</p> <p><b>Hensikt:</b> beskytte befolkninga mot radioaktiv forureining gjennom andre tiltak for å redusere dosar frå inhalasjon og direkte og indirekte stråling</p>		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen må vere førebudd på å stille ressursar til rådvelde for gjennomføring av ev. andre tiltak som er naudsynte for å sikre liv, helse og økonomiske verdier.</li> <li>• Oppdater straks servicetorg/sentralbord/heimesider om tiltaket med tanke på spørsmål frå publikum</li> <li>• Rapportar til Fylkesmannen om status for situasjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤</li> </ul>

## Kjelder

Mattilsynet (2015): [Faglig beredskapsplan for hendelser på matområdet](#). Utgåve 9, per 27.5.2015.

Mattilsynet (2015): *Radioaktivitet drikkevann og fisk*. Notat, juni 2015.

Statens strålevern og Fylkesmannen i Hordaland (utkast, 2014): [Plangrunnlag for kommunal atomberedskap](#)  
(regional tilpassing)

Statens strålevern (2013): [Atomberedskap – sentral og regional organisering](#). StrålevernHefte 31

Statens strålevern (2012): [Roller, ansvar, krisehåndtering og utfordringer i norsk atomberedskap](#).  
StrålevernRapport 2012:5

Statens strålevern (2008): [Plangrunnlag for kommunal atomberedskap](#).